



Arkivnr: 2015/2073-42

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Forvaltningsrevisjon av NDLA - Juridisk vurdering

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet godkjende prosjektplan for forvaltningsrevisjon av NDLA i møte 23.3.15. Revisjonsrapport vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 18.12.15 der det i sak PS 114/15 vart protokollert dette:

#### «Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor lver Fiksdal frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av NDLA og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Styret i NDLA handsama revisjonsrapporten i styremøte 17.12.15. Styrevedtaket vart lagt fram i møtet.

Kontrollutvalet ber om at ordet «prioritert» kjem inn før ordet «handlingsplan» i punkt 15 i vedtaket.

Utvalet ber også om at Deloitte til neste møte utarbeider ei kortfatta juridisk vurdering av alvorsgraden i vedlagte rapport. Saka vart etter dette utsett til neste møte.

Møtet vart lukka under delar av handsaminga med heimel i kommunelova § 31.3.

Sekretariatet har motteke eit dokument frå tidlegare tilsett i NDLA. Det er vidare motteke ein e-post frå styreleiar i NDLA, Inge Myklebust, og medlem i arbeideutvalet i NDLA, Svein Heggheim, dagsett 17.12.15. Dette vart delt ut på rødt papir i møtet, det vart sett av tid til gjennomlesing og samla inn igjen etter at handsaminga var ferdig, jf, offl § 13, forl §13.

Denne dokumentasjonen skal også leggjast til grunn i Deloitte si juridiske vurdering nemnd over.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke

#### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte til neste møte utarbeider ei kortfatta juridisk vurdering av alvorsgraden i vedlagte rapport.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

2. *Saka vart etter dette utsett til neste møte.»*

Revisjonsrapport vert lagt fram til ny handsaming i anna sak til dette møtet.

Drøfting:

På bakgrunn av punkt 1 i vedtaket over held Deloitte på med å ferdigstilla eit notat som vert lagt fram og presentert munnleg i møtet. Notatet vil innehalde opplysningar som gjer at det må unntakas offentleggjering med heimel i offl. § 13, jf. forl. § 13. Det gjer vidare at møtet må lukkast med heimel i kommunelova § 31.3 når notatet vert presentert.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til kva dei vil gjera vidare med saka. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*